

# KVINLOG BEDEHUS

## ÅRSMELDING 2019

Styret for 2019 har vore:

Leiar: Stian Engedal

Nestleiar: Tom Gallatin

Sekretær: Per Øistein Rogstad

Kasserer: Terje Kvinlog

Medlem: Odd Terje Helle

1 varamd: Siv Anita Narvestad

2 varamd: Turid Stakkeland

Revisor: Tor Alsvik

Valgnemd har vore:

Jenny Alsvik

Gerd Kvinlog

Tønnes T Kvinlaug

Forsamlingsråd har vore:

Tom Gallatin, Odd Terje Helle,

Stian Engedal og Tønnes T

Kvinlaug

På årsmøtet 17 januar blei Stian Engedal attvald som leiar. Terje Kvinlog og Odd Terje Helle fekk fornya tillit i styret. Det har vore 5 styremøte der 31 saker har blitt behandla.

### Frå Styret:

Dette året har spisesalen fått gardiner. Det er for å få lyddemping slik at det blir mindre gjenklang. På scenen gjorde me nokre oppgraderingar. Me måtte skifte lamper pga jordfeil, og me sette opp fleire stikkontakter. Varmestyringa hadde også problemer i møtesalen, og sikringskåpet måtte byggast litt om.

Me vil og prøva å satsa meir på Storsamlingar der alle aldersgrupper er ekstra velkomne. Me prøver ca ein gong i måneden og oppfordrar misjonslaga til å vera med å arrangera. Styret er behjelpelig med tilrettelegging i kalender, og kan hende litt kjøkkenhjelp.

### Dugnad og arbeid ute og inne:

Me hadde ein dugnadsdag i vår der me skifta lamper i møtesalen. Bordbein måtte etterstrammast og vaskefilla måtte brukast her og der. Ute måtte takrenner renskast og me slo av gras og fiksa opp så det blei fint. Styret vil retta ein ekstra takk til dei som står på vaskelista, og på den måten er med på å halda bedehuset reint og fint.

### Møteaktivitet:

Det har vore mykje aktivitet for alla aldersgrupper også dette året. Me får tru at når me stiller oss til disposisjon for Gud, så har han bruk for oss. Det står skreve i Jesaja 41, 9-10: «Eg sa til deg Du er min tenar, eg har valt deg ut og ikkje støytt deg bort. Ver ikkje redd, for eg er med deg! Sjå deg ikkje rådvill ikring, for eg er din Gud! Eg styrkjer deg og hjelper deg og held deg oppe med mi frelsarhand.»

Hvis nokon vil vite korleis dei kan få fred med Gud, så veit me svaret: Jesus har ordna det for oss då han tok våre synder på seg.

Fjotland misjonslag hadde møter med Marit Andersen 1.-3. februar.-Møte med Ove Sandvik 17. februar.-Møte med Jarle Alsvik 28. februar.-Årsmøte 21. mars.-Møte med Odd Dubland 5.-7. april.-Langfredagsmøte med Anders Lindefjell 19. april.- Møte med Asbjørn Handeland 28. april.-Møte med Livar Veggeland 5. September.-Møte med Martin Lindhjem 20.-22. september.- Møte med Magne Vatland 6.-8. november og sangkveld 1. desember.

Fjotland indremisjon hadde årsmøte 31. januar.- Møte med Åge Nygård 13.-15. februar og 25. april og 25. august.- Møte med Jørgen Tønnesen 13.-17. mars.-IMF Sør hadde bibelhelg på Kvinatun i samarbeid med Fjotland IMF 12.-14. april.- Møte med Ingun Holm 19. mai.- Møte med Edvard Foss 13. juni og han var med på fellesmøtene 22.-27. oktober.-Sangkveld i fellesmøtene 20. oktober.- Møte med Jørn og Wenche Slimestad 3. november, og møte med Bjørn Ingvald Bryggeså 17. november.-

GTM hadde møte med Hanne Gallatin 10. januar. Serepta hadde møte med Hans Bergane 24 august. Flymisjonen hadde møte med Erling Kongevold 21. november.

Bedehuset hadde årsmøte 17. januar. Tom Gallatin har hett 5 bibeltimar, og det har vore nattverdmøte ca ein gong i månaden. Bønnemøte første måndag kvar månad. Juletreffesten var 28. desember, og der hadde Sverre Elgvin Lied andakt.

Russ Taff hadde konsert 12. august.

Bedehusbasaren var 30. august. Ingjerd Sindland holdt andakt.

Me hadde også ein medarbeidersamling 3. juni og forsamlingsrådet møttest 10. desember.

### Barne og ungdomsarbeid:

Storsamlingar er noko me satsar spesielt på. Det hender at me då serverer middag. Storsamling blir ca ein gong i månaden. Sundagskulen har sine samlingar når det ikkje er storsamling eller familiegudstjeneste i kyrkja.

Barnekoret er med og syng for oss på møter og storsamlingar eller i kyrkja.

MAKS er for 1.-4. klasse og Between er for 5.-7. klasse.

KRIK er for 8. klasse og oppover.

8 UP er også for 8. klasse og oppover. Dei har hatt få samlingar dette året pga lite oppmøte den seinare tida. Fjotland IUF deler ut bladet Barnehelg til alle heimane som har born.

### Økonomi:

Nokre tal ifrå rekneskapet 2019:	2018 i parentes:
Bankinnskudd kr109.076	(64.570)
Gjeld kr 554.450 til nyttår	(613.850)
Resultat 44.506	(45.421)

### Takk:

Takk til alle som er med i bønn og arbeid på bedehuset. Me les i salme 147, vers 11. «Herren har behag i dei som fryktar ham, som ventar på hans miskunn.»

For styret:

Styreleiar Stian Engedal.